

Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/3230-276

## **Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS - fordeling av aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS på kommunane**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**  
**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Fylkestinget i Sogn og Fjordane har til hensikt å overføre 80 prosent av fylkeskommunen sine aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS til dei kommunane i dagens Sogn og Fjordane fylke som vil vere ein del av Vestland fylke frå 1. januar 2020. Overføringa skal skje med utgangspunkt i kommunestrukturen i 2019 og etter ein fordelingsnøkkel der 65 prosent av aksjane vert fordelte etter kommunane sitt folketal per 1. januar 2019 og 35 prosent vert fordelte likt mellom kommunane, jf. vedlegg 5, alternativ 1.

Overføringa til kommunane føreset at

- det vert rettskraftig avgjort at overføringa ikkje utløyser forkjøpsrett til Sogn og Fjordane Holding AS sine aksjar i Sogn og Fjordane Energi AS
  - styret i SFE gjev samtykke til overføringa til kommunane
  - kommunane får konsesjon frå Olje- og energidepartementet til å eige
  - aksjeoverføringa ikkje får negative konsesjonsrettslege konsekvensar for Sogn og Fjordane Energi AS eller selskapet sine dotterselskap.
- 2 Fylkestinget godkjenner vedlagte gåvebrev (1) til kommunane og vedlagde aksjonæravtale (2) mellom fylkeskommunane og kommunane. Fylkestinget sluttar seg vidare til at Sogn og Fjordane Holding AS endrar sine vedtekter i samsvar med vedlegg 3.

Aksjane til kommunane vert overførte på dei vilkåra som følgjer av desse dokumenta, dvs. vedlegga 1-3.

- 3 Dersom føresetnadene i pkt. 1 vert oppfylte, får fylkesrådmannen i oppgåve - så snart som mogleg - å overdra aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS til dei aktuelle kommunane i Sogn og Fjordane.
- 4 Dersom føresetnadene i pkt. 1 ikkje vert oppfylte, ber fylkestinget generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Holding AS gjere vedtak om endringar i selskapet sine vedtekter i samsvar med vedlegg 4.

**Vedlegg:**

- 1 Utkast til gåvebrev til kommunane
- 2 Utkast til aksjonæravtale for Sogn og Fjordane Holding AS mellom fylkeskommunen og kommunane
- 3 Utkast til nye vedtekter for Sogn og Fjordane Holding AS
- 4 Utkast til alternative nye vedtekter for Sogn og Fjordane Holding AS
- 5 Tre tabellar som viser ulike fordelingsmodellar på kommunane. Den tilrådde fordelingsmodellen er alternativ 1.

**Andre relevante dokument i saka:**

- FT-sak 46/18.
- Gulating lagmannsrett sin dom av 29. mars 2019.

---

**SAKSFRAMSTILLING**

---

**1. Samandrag**

Saka er ei oppfølging av fylkestinget sitt vedtak i sak 46/18 (møte 04.12.18). Fylkesrådmannen gjer i den saka som no vert fremja framlegg om kor mange av aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS (SF Holding) som skal overførast til kommunane, fordelinga av aksjane på kommunane og dei nærmare vilkåra for overføringa, jf. utkast til gåvebrev til kommunane (vedlegg 1), utkast til aksjonæravtale for dei nye aksjonærane i SF Holding (vedlegg 2) og utkast til nye vedtekter for SF Holding (vedlegg 3).

Overføringa har som føresetnad at ein rettskraftig dom gir høve til å overføre aksjar i SF Holding utan å utløyse forkjopsrett til SF Holding sine aksjar i Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) for BKK. Det er vidare ein føresetnad at kommunane får konsesjon frå Olje- og energidepartementet til å eige, at styret i SFE gjev samtykke til overføringa og at overføringa ikkje utløyser negative konsesjonsrettslege konsekvensar for SFE eller SFE sine dotterselskap.

Fylkesrådmannen gjer vidare framlegg om at fylkestinget sluttar seg til alternative nye vedtekter for SF Holding (vedlegg 4) i fall føresetnadene nemnde over ikkje vert oppfylte.

I forkant av at fylkestinget handsamar saka vil fylkesrådmannen tilrå at advokatfirmaet Lund & Co føredrar og for svare på eventuelle spørsmål frå representantane i fylkestinget.

**2. Bakgrunn for saka****2.1. Vedtaket i fylkestinget i sak 46/18**

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak 46/18:

1. *Sogn og Fjordane fylkeskommune har til hensikt å overføre inntil 80 prosent av fylkeskommunen sine aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS til kommunane i Sogn og Fjordane, innanfor rammene av søksmålet mot BKK og innanfor rammene av ein rettskraftig dom i saka.*  
*Overføringa føreset at*
  - *det vert rettskraftig avgjort at overføringa ikkje utløyser forkjopsrett til Sogn og Fjordane Holding AS sine aksjar i Sogn og Fjordane Energi AS*
  - *kommunane får konsesjon frå Olje- og energidepartementet til å eige*
  - *aksjeoverføringa ikkje får negative konsesjonsrettslege konsekvensar for Sogn og Fjordane Energi AS eller selskapet sine dotterselskap.*

2. *Dersom føresetnadene i pkt. 1 vert oppfylte, vil fylkestinget*
  - *gjere vedtak om overføring og samstundes fastsetje kor mange av fylkeskommunen sine aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS som skal overførast til kommunane i Sogn og Fjordane*
  - *fastsetje korleis aksjane skal fordelast på kommunane og*
  - *fastsetje når og på kva vilkår overføringa skal skje.*
  
3. *Fylkestinget ber fylkesrådmannen, i samråd med Sogn og Fjordane Holding AS, utarbeide utkast til aksjonæravtale og nye vedtekter for Sogn og Fjordane Holding AS for endeleg godkjenning i fylkestinget samstundes med at fylkestinget gjer vedtak om overføring av aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS til kommunane.*
  
4. *Fylkesutvalet får fullmakt til å syte for at generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Holding AS gjer vedtak om endringar i selskapet sine vedtekter for å førebu overføringa av aksjar til kommunane innanfor rammene av søksmålet mot BKK, mellom anna ved å opprette to aksjeklassar i selskapet.*

## **2.2. Kontakten med kommunane**

Alle dei 25 noverande kommunane i Sogn og Fjordane fylke, som vert ein del av Vestland fylke frå 01.01.2020, vart – etter semje i fylkesutvalet 23.01.19 – i brev frå fylkesordføraren og fylkesrådmannen 31.01.19 informert om fylkestinget sitt vedtak frå desember og om arbeidet med å følgje opp vedtaket. I brevet stod det mellom anna:

*«Av omsyn til oppfølginga må det klarleggjast kva for kommunar som truleg vil ønskje å gå inn som eigarar i Sogn og Fjordane Holding AS på dei vilkåra som vil gjelde for overføring av eigarskapen.*

*...På bakgrunn av det som er skissert i dette brevet, ber fylkeskommunen no kommunane om å stadfeste eventuell interesse i å overta aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS. Vi ber ikkje kommunane om ei bindande erklæring på det noverande tidspunktet og legg difor til grunn at det ikkje er naudsynt med ei omfattande kommunal handsaming av denne førespurnaden.*

*...Vi ber om tilbakemelding, anten kommunen er interessert eller ikkje, innan 15. mars 2019.»*

Samtlege 25 kommunar har gitt tilbakemelding om at dei er interesserte i å overta aksjar i SF Holding. Tre av kommunane, Fjaler, Vågsøy og Balestrand, gav tilbakemelding etter den fastsette fristen.

Etter invitasjon frå fylkesordføraren vart alle kommunane inviterte til eit informasjonsmøte på Thon Hotel Jølster 15.03.19. Dei fleste av kommunane var representerte på dette møtet.

## **2.3. Handsaminga i domstolane**

BKK hevdar at selskapet har forkjopsrett til SFE-aksjane i tilfelle fylkeskommunen overfører aksjane i SF Holding til kommunane i Sogn og Fjordane, sjølv om Vestland fylkeskommune skal ha kontrollerande innverknad i SF Holding. Fylkesutvalet er ikkje samd i dette og vedtok difor i februar 2018, sak 10/18, å ta ut søksmål mot BKK for å få avklart om det kan skje ei delvis overføring av aksjane i SF Holding til kommunane utan å utløyse forkjopsrett.

Sogn og Fjordane tingrett sa dom i saka 12.10.18. Domsavgjerda slår fast at fylkeskommunen kan overføre inntil 80 prosent av dei underliggjande verdiane som SFE-aksjane representerer utan å

utløyse forkjøpsrett, så lenge aksjane fylkeskommunen vert sitjande att med, dvs. A-aksjane, vert sikra 51 prosent av røystene på generalforsamlinga i SF Holding.

BKK anka tingretten sin dom til Gulating lagmannsrett, som 29.03.19 sa slik samrøystes dom:

1. *Anken forkastes.*

2. *I sakskostnader for lagmannsretten betaler BKK AS 495 284 – firehundreognittifemtusentohundreogåttifire – kroner til Sogn og Fjordane fylkeskommune innen 2 – to – uker fra forkynnelsen av dommen.*

Lagmannsretten har følgjeleg stadfesta avgjerda frå tingretten, og fastslår at inntil 80 prosent av aksjane i SF Holding kan overførast til kommunane utan å utløyse forkjøpsrett.

BKK har anka dommen til Høgsterett. I løpet av juni månad vert det venteleg avklara om Høgsterett sitt ankeutval samtykker til å fremje anken til handsamning i Høgsterett.

Dersom anken vert fremja, vil han etter alt å døme verte handsama i Høgsterett i haust.

#### **2.4. Kjøp av BKK sine aksjar i SFE**

Fylkesrådmannen viser til pkt. 3.2.2 i saksframlegget til FT-sak 46/18, der det framgår at SF Holding har forhandla med BKK om mogleg kjøp av BKK sine aksjar i SFE. Det heiter m.a. følgjande:

*Ultimo november 2018 er det ikkje mogeleg å konkludere med om BKK og SFH vil kome fram til ein avtale om kjøp av aksjar som begge parter finn akseptable og som kan leggjast fram for fylkestinget for godkjenning. Fylkesrådmannen må difor få kome attende til dette samstundes med at fylkestinget skal ta endeleg avgjerd om kor mange aksjar i SFH som skal overførast til kommunane i Sogn og Fjordane og når slik overføring skal skje (2019).*

Forhandlingane mellom SF Holding og BKK pågår fortsatt. Fylkesrådmannen legg difor opp til at fylkesutvalet - i møte 29.05.19 - tek stilling til om fylkestinget på denne tingseta skal handsame ei eiga sak knytt til ovannemnde.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

#### **3.1. Overføring av inntil 80 prosent av aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS til kommunane**

##### **3.1.1 Modellen**

Modellen for overføring av aksjar byggjer på det Sogn og Fjordane tingrett og Gulating lagmannsrett har kome til kan gjennomførast utan å utløyse forkjøpsrett for BKK. Dommane slår fast at inntil 80 prosent av aksjane i SF Holding kan overførast til kommunane utan å utløyse forkjøpsrett. Føresetnaden er som sagt at aksjane fylkeskommunen vert sitjande att med, dvs. A-aksjane, vert sikra 51 prosent av røystene på generalforsamlinga i SF Holding. Kommunane vil altså kunne bli eigarar av 80 prosent av dei underliggjande verdiane og få løpande utbytte på sine aksjar.

##### **3.1.2 Fordeling av aksjar i SF Holding på kommunane**

###### **3.1.2.1 Kor mange aksjar som skal overførast – «inntil 80 prosent»**

Det første spørsmålet vi må ta stilling til, er kor mange av fylkeskommunen sine aksjar i SF Holding som skal overførast til kommunane. Etter Gulating lagmannsrett sin dom kan fylkeskommunen overføre *inntil 80 prosent* av aksjane i holdingselskapet til kommunane i Sogn og Fjordane.

I saksframlegget til fylkestinget i desember 2018 heiter det:

*Fylkesrådmannen meiner den beste måten å sikre at verdien av SFE-aksjane «blir verande i Sogn og Fjordane» er å overføre aksjar til kommunane i Sogn og Fjordane. Dette er same modell som er nytta i Nord-Trøndelag og i Buskerud. I begge desse fylkeskommunane har ein overført alle aksjane i dei fylkeskommunale kraftselskapa til kommunane i fylka før fylkessamanslåingane. Grunnngjevinga har i begge tilfelle vore å sikre at verdiane blir verande der dei er skapte. Vurderinga har vore at den beste måten å sikre dette på er ei overføring av eigedomsretten til aksjane til kommunane. Ved overføringa er det på ulik måte lagt skrankar på kommunane sitt høve til å selje aksjane vidare, og på bruken av det årlege aksjeutbyttet, for å sikre at eigarskapen og verdien av aksjane faktisk blir verande i regionen.*

Av grunnane som er nemnde i avsnittet over, meiner fylkesrådmannen at fylkestinget fullt ut bør utnytte det handlingsrommet som lagmannsretten sin dom opnar for, dvs. at 80 prosent av aksjane i SF Holding vert overført til kommunane i Sogn og Fjordane. Dess større del av aksjane som vert overførte til kommunane, dess sikrare er det at verdiane vert verande i det som i dag utgjer Sogn og Fjordane fylke. Ei overføring til kommunane som er gjennomført før 1. januar 2020, kan ikkje reverserast av Vestland fylkeskommune. Disposisjonen vil vere endeleg.

### 3.1.2.2 Korleis aksjane skal fordelast på kommunane - fordelingskriterium

Korkje aksjelova, inndelingslova eller kommunelova gir føringar for korleis aksjane skal fordelast på kommunane. Skrankar kan likevel fylgje av forbodet i forvaltningsretten mot usakleg forskjellsbehandling. Så lenge fylkestinget har ei rasjonell grunnngjeving for fordelinga, står likevel ikkje forbodet mot usakleg forskjellsbehandling i vegen for eit utstrakt politisk skjøn i valet av fordelingskriterium.

Føremålet med å overføre aksjane til primærkommunane er å sikre at verdiane som er skapte i fylket, vert verande hjå innbyggjarane i det geografiske området som i dag utgjer Sogn og Fjordane. Ved fordelinga er det såleis naturleg å ta utgangspunkt i innbyggjartalet i den einskilde kommune. Ved deling etter innbyggjartal, vil verdien som aksjane i dag representerer for den einskilde innbyggjar i fylket verte vidareført. Ei deling etter innbyggjartal er vidare ein enkel fordelingsnøkkel, som gjer at alle kommunar vert tilgodesett på likt grunnlag. Etter kva fylkesrådmannen har fått opplyst, byggjer også overføringa av Buskerud fylkeskommune sine aksjar i Vardar AS til kommunane hovudsakleg på innbyggjartal.

Eg meiner likevel at ei deling som berre byggjer på folketal vil vere ei for sterk favorisering av dei mest folkerike kommunane.

Spørsmålet om fordelinga av aksjane på kommunane har vore grundig drøfta i fylkesutvalet. Med utgangspunkt i desse drøftingane og korleis det er gjort i andre fylkeskommunar, tilrår fylkesrådmannen at fordelinga av aksjar vert basert på to kriterium, *folketal og tal kommunar*. Eg tilrår at fordelingsnøkkelen vert 65/35, dvs. at folketalet vert vekta 65 prosent og likedeling mellom kommunane 35 prosent, sjå vedlegg 5, alternativ 1.

Fylkesutvalet har òg drøfta andre mogelege fordelingskriterium. I den offentlege debatten har t.d. nokre meint at dei kommunane som er aksjonærar i SFE, bør få ein større del av fylkeskommunen sine aksjar enn andre kommunar. Ved fordelinga av Nord-Trøndelag fylkeskommune sine aksjar i NTE til primærkommunane i fylket før samanslåinga med Sør-Trøndelag, brukte fylkestinget ein fordelingsnøkkel som bygde på tre kriterium; ein del som bygde på NTE sin produksjon i den einskilde kommune, ein del som vart delt likt mellom kommunane og ein del som vart fordelt etter folketal.

Fylkesrådmannen vil som sagt ikkje tilrå at fylkestinget legg vekt på andre kriterium enn folketal og likedeling. Eg viser her til korleis Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennom mange år har hatt tradisjon for å nytte sine lokale inntekter, aksjeutbytte og vinst på konsesjonskrafta, over heile fylket.

Vedlegg 5, alternativ 2 og 3, viser fordelinga av aksjane med ei anna vektning enn den fylkesrådmannen gjer framlegg om. I alternativ 2 er folketal vekta 80 prosent og likedeling mellom kommunane 20 prosent. I alternativ 3 er dei to kriteria vekta med 50 prosent kvar.

### 3.1.2.3 Kommunestruktur før eller etter 1. januar 2020

Fylkestinget må vidare ta stilling til om det er den noverande kommunestrukturen i Sogn og Fjordane som skal leggjast til grunn for fordelinga, eller om ein skal byggje på kommunestrukturen frå 1. januar 2020.

For at kommunane som vert samanslegne ikkje skal kome dårlegare ut enn dei hadde gjort om dei hadde halde fram som eigne kommunar, tilrår fylkesrådmannen at aksjane vert fordelte med utgangspunkt i noverande kommunestruktur (25 kommunar).

### 3.1.2.4 Oppsummering

Fylkesrådmannen tilrår å fordele 80 prosent av aksjane i SF Holding, dvs. alle aksjane i aksjeklasse B etter framlegget til nye vedtekter for SF Holding, på dei 18 kommunane i dagens Sogn og Fjordane fylke som vil vere ein del av Vestland fylkeskommune frå 1. januar 2020. Aksjane vert fordelte med utgangspunkt i den noverande kommunestrukturen (25 kommunar) og etter ein nøkkel der 35 prosent av aksjane i aksjeklasse B likedelast på kommunane og der 65 prosent fordelast etter folketalet per 1. januar 2019. Fordelinga på kommunane er vist i tabellen i alternativ 1 i vedlegg 5.

### **3.1.3 Gåvebrev til kommunane**

Det går fram av punkt 2 i fylkestinget sitt vedtak i sak 46/18 at fylkestinget skal «fastsetje når og på kva vilkår overføringa skal skje».

Fylkesrådmannen viser til utkastet til gåvebrev som følgjer som vedlegg 1, og tilrår at fylkestinget sluttar seg til at aksjane vert overførte til kommunane på vilkåra som fylgjer av gåvebrevet og at overføringa skjer så snart føresetnadene for overføring er oppfylte.

### **3.1.4 Generelt om nye vedtekter for Sogn og Fjordane Holding AS og aksjonæravtale**

I punkt 3 i fylkestinget sitt vedtak i sak 46/18 heiter det:

*Fylkestinget ber fylkesrådmannen, i samråd med Sogn og Fjordane Holding AS, utarbeide utkast til aksjonæravtale og nye vedtekter for Sogn og Fjordane Holding AS for endeleg godkjenning i fylkestinget samstundes med at fylkestinget gjer vedtak om overføring av aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS til kommunane.*

Det er særskilt viktig at vedtekter, aksjonæravtale og andre overføringsdokument ikkje rokkar ved lagmannsretten sin dom. Dersom vedtekter og aksjonæravtale skulle rokke ved at Vestland fylkeskommune held fram med å ha avgjerande innverknad på generalforsamlinga i SF Holding, risikerer fylkeskommunen og kommunane saksanlegg frå BKK med påstand om at forkjopsretten er utløyst. Lagmannsretten viser til denne problemstillinga mellom anna på side 10 i dommen:

*Den ankende part har også reist innsigelser mot Fylkeskommunens pretensjon om hva lagmannsretten skal prøve, og anfører at når planene for hvordan A-aksjene Fylkeskommunen skal beholde ikke tas med, prøves ikke forkjopsrettsspørsmålet «i en hensiktsmessig form og på en måte som gjør at domstolene får et forsvarlig avgjørelsesgrunnlag», jf. Skoghøy, Tvisteløsning, s. 377.*

*Lagmannsretten ser innsigelsen i sammenheng med at et det i saken er sentralt hvorvidt transaksjonen er en rettsstridig omgåelse av Aksjonæravtalen og vedtektene, og er enig med ankende part i at man for omgåelsesspørsmålet må vurdere den samlede transaksjonen under ett – og ikke isolert ledd for ledd. Lagmannsretten er også enig i at et eventuelt påfølgende «trinn 3» i transaksjonen, der det for eksempel legges spesielle bånd på de styrende A-aksjene som Fylkeskommunen selv beholder, kan utfordre omgåelsenormen.*

*Det er derfor spørsmål om søksmålssituasjonen er tilstrekkelig tilspisset hvis en risikerer å få ny tvist om den samme transaksjonen i etterkant. Slik lagmannsretten oppfatter anførselen, er poenget at en dom ikke vil få reell – endelig – virkning her og nå. Når lagmannsretten er blitt stående ved at dette ikke er avgjørende for aktualitetsvurderingen, er det fordi det prosessuelle spørsmålet her, er om en dom får virkning mellom partene på det tidspunkt*

dommen blir avsagt. Det har lagmannsretten allerede svart bekreftende på. Da kan det ikke hindre søksmål at transaksjonen kan tenkes å få andre virkninger på et senere tidspunkt hvis Fylkeskommunen gjør nye disposisjoner. Hvorvidt omgåelsesnormen åpner opp for en prognosevurdering her for hva som kan komme til å skje fremover, slik at omgåelse eventuelt kan konstateres selv om omgåelsen enda ikke har skjedd (antesipert omgåelse), er et materielt spørsmål som må vurderes i tilknytning til realiteten. Lagmannsretten kommer tilbake til dette under punkt 5 nedenfor. (understreka her)

Ved utforminga av vedtektene og aksjonæravtalen må fylkeskommunen ta høgde for det poenget lagmannsretten peikar på i tilknytning til omgåing av forkjøpsretten, jf. formuleringa «der det for eksempel legges spesielle bånd på de styrende A-aksjene som Fylkeskommunen selv beholder, kan (det) utfordre omgåelsesnormen».

Føresetnaden om at fylkeskommunen må behalde avgjerande påverknad på generalforsamlinga i SF Holding vert ivareteken ved at det er fylkeskommunen som vil utøve SF Holding sine aksjonærrettar på generalforsamlinga i SFE. Fylkeskommunen beheld med dei føreslegne vedtektsendringane og aksjonæravtalen kontrollen med at utøvinga av SF Holding sine aksjonærrettar i SFE ikkje vert overført til andre. Dette inneber at fylkeskommunen fortsatt vil ha avgjerande påverknad i SF Holding. Vedtektene og aksjonæravtalen utfordrar dermed ikkje omgåingsnorma, slik ho er omtala av lagmannsretten.

Dei føreslegne endringane i vedtektene for SF Holding og forslaget til aksjonæravtale legg ingen særskilte band på dei styrande A-aksjene som fylkeskommunen beheld. Etter etableringa av Vestland fylkeskommune vil det difor vere den nye fylkeskommunen som vil ha fleirtalet av røystene på generalforsamlinga i SF Holding og – som påpeika – dermed også vil representere og røyste for SF Holding på generalforsamlinga i SFE.

Dette inneber likevel ikkje at Vestland fylkeskommune vil stå fritt til å treffe alle avgjerder på vegner av SF Holding. Vedtektene og aksjonæravtalen vil leggje visse generelle avgrensingar på alle aksjonærane i selskapet, også fylkeskommunen. Fylkeskommunen må på same måte som dei andre aksjonærane i SF Holding, utøve aksjonærrettane sine innanfor føremålsføresegna til selskapet. Visse fundamentale avgjerder i SF Holding vil også krevje kvalifisert fleirtal. Føremålsføresegner og føresegner for vern av mindretalet sine aksjonærrettar er vanleg i dei fleste selskap og dessutan regulert i aksjelova.

Dei føreslegne, generelle avgrensingane for aksjonærane i vedtektene og aksjonæravtalen utfordrar ikkje fylkeskommunen sin avgjerande påverknad i SF Holding og utfordrar såleis heller ikkje omgåingsnorma. Det er ikkje noko krav for å ha avgjerande påverknad at fylkeskommunen skal ha kvalifisert fleirtal på generalforsamlinga i SF Holding, slik at fylkeskommunen åleine kan beslutte vedtektsendringar eller ta andre avgjerder som krev kvalifisert fleirtal.

### **3.1.5 Nye vedtekter for Sogn og Fjordane Holding AS**

Fylkesrådmannen gjer – i samråd med SF Holding - framlegg om nokre endringar i dei gjeldande vedtektene innanfor dei rammene som er gjennomgått i pkt. 3.1.4. Eg viser her til vedlegg 3.

For det første er § 3 om selskapet sitt føremål føreslege endra og tilpassa det som skal vere selskapet sitt føremål i dag og etter overføringa av aksjar til kommunane, der også den langsiktige eigarstrategien for SF Holding kjem klårt fram. Eit grunnleggjande føremål med å overdra SFE-aksjane til SF Holding var å sikre at verdien av eigarskapen kunne bli verande i Sogn og Fjordane og å vidareføre fylkeskommunen sin eigarstrategi for eigarskapen i SFE. Dette er presisert tydeleg i § 3 i utkastet til nye vedtekter.

Ein konsekvens av føremålsføresegna i § 3 er at eit sal av SF Holding sine aksjar i SFE krev endring av vedtektene og 2/3 fleirtal av kapitalen og røystene på generalforsamlinga i selskapet. Tilsvarende gjeld ein eventuell fusjon av SFE med andre selskap. Både sal av holdingselskapet sine aksjar i SFE og fusjon av SFE med andre selskap er så substansielle avgjerder at det krev endring av § 3 i vedtektene, slik føresegna er føreslegen utforma.

Sal av SFE-aksjane eller fusjon av SFE ville under alle omstende vere ei så grunnleggjande endring av holdingselskapet sitt føremål at det truleg ville likestillast med ei oppløysing av selskapet, noko som uansett krev kvalifisert fleirtal. Det er også av denne grunn naturleg å vedtektsfeste at slike avgjerder krev kvalifisert fleirtal på generalforsamlinga i SF Holding.

For det andre er det teke inn føresegner om aksjeklassar som legg til rette for overføring av aksjar til kommunane i tråd med Gulating lagmannsrett sin dom. For å avgrense høvet til å selje aksjar i SF Holding, er det i § 4 lista opp kva for kommunar som vil vere aksjonærar i selskapet frå 01.01.2020. Skal andre erverve aksjar, krev det endring av vedtektene i SF Holding, med 2/3 fleirtal av dei røystene og den kapitalen som er representert på generalforsamlinga.

Eg tilrår at fylkestinget sluttar seg til framlegget til nye vedtekter for SF Holding.

### **3.1.6 Aksjonæravtale mellom fylkeskommunen og primærkommunane**

Som nemnd ovanfor fylgjer det av punkt 3 i fylkestinget sitt vedtak i sak 46/18 at fylkesrådmannen og SF Holding også skal utarbeide aksjonæravtale mellom kommunane og fylkeskommunen for endeleg godkjenning av fylkestinget.

Eg viser her til vedlegg 2. I framlegget til aksjonæravtale er det formulert ulike føresegner som skal sikre at verdiane av eigarskapen – og eigarskapen - skal bli verande i Sogn og Fjordane. Desse føresegnene vedkjem ikkje fylkeskommunen si utøving av aksjonærrettar på generalforsamlinga i SFE og overfører heller ikkje utøvinga av aksjonærrettar i SFE til andre.

I pkt. 3 er det gitt føresegner som m.a. avgrensar høvet til å omsetje aksjane i SF Holding. Det er m.a. føreslege at berre kommunane kan eige B-aksjar og at berre fylkeskommunen kan eige A-aksjar. Dette er viktig for å sikre at verdien av eigarskapen kan bli verande i det noverande Sogn og Fjordane.

I pkt. 5 er det gjeve føresegner om forkjøpsrett og i pkt. 6 om medsalsrett. Også desse føresegnene vil sikre at verdien av eigarskapen kan bli verande i det noverande Sogn og Fjordane. I pkt. 5.5 er det føreslege ei føresegn som sikrar at 80 prosent av dei underliggjande verdiane i SFE vert overført til kommunane, ved at den nye fylkeskommunen ved eit eventuelt sal ikkje vil få noko tillegg i prisen for den avgjerande påverknaden A-aksjane er sikra.

I punkt 7 gjer fylkesrådmannen framlegg om at partane ikkje kan eige aksjane gjennom holdingselskap. Eg meiner altså at både fylkeskommunen og kommunane bør eige aksjane sine i SF Holding direkte. Også dette vil bidra til å sikre at eigarskapen vert verande i Sogn og Fjordane.

I punkt 8 er det føresegner som sikrar at aksjar i SF Holding ikkje vert overført slik at forkjøpsretten til SFE-aksjane vert utløyst. Endeleg er det i punkt 10 teke inn føresegner om at kommunane ikkje kan avhende sine aksjar før 31. desember 2029.

Eg tilrår at fylkestinget sluttar seg til framlegget til aksjonæravtale for SF Holding.

### **3.1.7 Tidspunkt for overføring av aksjane og føresetnader for overføringa**

Eg gjer framlegg om at fylkesrådmannen får i oppgåve å overføre aksjane til dei aktuelle kommunane så snart som råd etter at føresetnadene for overføring etter oppfylte og på dei vilkår som følgjer av vedlegg 1 – 3, jf. pkt. 3 i tilrådinga til vedtak.

## **3.2 Aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS vert i hovudsak beholdne av fylkeskommunen - Selskapsvedtektsmodellen**

Dersom BKK får medhald i anken av Høgsterett, eller dersom andre av føresetnadene som er nemnde i tilrådinga pkt. 1 ikkje vert oppfylte, er ikkje «kommunemodellen», som er gjennomgått i pkt. 3.1, ein gangbar veg. Fylkesrådmannen tilrår i så fall at vedtektene til SF Holding vert endra før 1. januar 2020. Dette alternativet er omtala i pkt. 3.2.4 i fylkesrådmannen sitt saksframlegg i FT-sak 46/18.

At SF Holding er ein egen juridisk person som blir styrt etter selskapsrettslege prinsipp, gjer denne modellen – «selskapsvedtektsmodellen» - robust mot framtidige endringar. Aksjelova opnar for at det kan fastsetjast i vedtektene at SF Holding ikkje skal ha som føremål å gje eigarane økonomisk utbytte, og det kan då fastsetjast at overskotet i selskapet skal nyttast til særskilde føremål innanfor dagens Sogn og Fjordane.

Utkastet til fondsvedtekter som fylkesutvalet har utarbeidd og lagt fram for fellesnemnda, jf. punkt 3.2.2 i fylkesrådmannen sitt saksframlegg i FT-sak 46/18, er innarbeidd i det alternative utkastet til nye vedtekter for SF Holding, jf. vedlegg 4.

Eg tilrår i vedtakspunkt 4 at fylkestinget sluttar seg til utkastet til nye vedtekter for SFH som skal gjelde for det tilfelle at fylkeskommunen ikkje får medhald i søksmålet mot BKK om forkjøpsretten.

#### **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at fylkeskommunen – dersom visse føresetnader vert oppfylte – overfører 80 prosent av aksjane i SF Holding til dei 18 kommunane i det noverande Sogn og Fjordane som vil vere ein del av Vestland fylke frå 2020.

Aksjane vert fordelt med utgangspunkt i den noverande kommunestrukturen og etter ein nøkkel der 35 prosent vert likedelt på kommunane og 65 prosent vert fordelt etter folketalet per 1. januar 2019, jf. vedlegg 5, alternativ 1.

Fylkesrådmannen tilrår samstundes, for det tilfellet at føresetnadene i pkt. 1 i tilrådinga ikkje vert oppfylte, at fylkestinget ber generalforsamlinga i SF Holding endre vedtektene i selskapet i tråd med det alternative utkastet til vedtekter som ligg som vedlegg 4 til saksframstillinga.